16.01.2012

# Dølemo Nærmat AS

**Daglegvarebutikken for DEG!**

Kontaktperson:
Daglig leiar: Daniela Plozicki
Styrets formann: Olav E. Føreland

# Månadsbrev

Desember

## Godt Nytt År

Hei alle saman!

Så har det nye året starta og dei fleste av oss har rulla opp skjorteermane og er klare for det året vi har føre oss. Det har Joker Dølemo også gjort. Den største utfordringa butikken står føre i 2012 er å redusere svinnet.
Alt for mykje varer blir kasta grunna dato. Det er vanskeleg å berekne kor mykje vare ein skal kjøpe inn når handelen frå veke til veke varierar mykje. Vi er også plikta til å ta inn varer som ein kanskje veit ikkje sel så godt. Dei som arbeider i butikken har eit ganske kraftig press på seg til å redusere svinnet, og å berekne innkjøpa endå betre i 2012.

Joker Dølemo slit ennå med eigenkapitalen. Styret arbeider med tiltak for å redusere leverandørgjeld, og eventuelle løysingar må me kome tilbake med til dykk.

Ellers er vi glade for at jolehandelen ikkje blei så dårleg som vi frykta (Sjå omsettingstala)
Takk for at mange av dykk bruka oss då høgtida sette inn :-)

Eg vil også nytte høvet til å takke dei tilsette som kvar dag gjer sitt arbeid så godt dei kan under dei rammene som er der, og til alle dei som var med på vareteljinga 1. januar.

### Månadens DølemoJoker

Vinnaren for desember vart **Tordis Skeimo** som kan kose seg med eit gåvekort på kr. 500,-.




| | 49 | 50 | 51 | 52 |
|---|---|---|---|---|
| 2011 | 68 356 | 78 973 | 92 622 | 78 619 |
| 2010 | 70 774 | 74 880 | 70 592 | 60 242 |
| Brutto 2011 | 15 205 | 17 333 | 18 089 | 16 258 |
| Brutto 2010 | 14 363 | 16 703 | 15 297 | 13 988 |

Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955